

IKT-kartlegging
Fjell, Sund og Øygarden
10.2.2017

«Erfaringer fra tidligere kommunesammenslåinger tilsier at samkjøring av ulike IKT-systemer er utfordrende og kostnadskrevene. Kommuner har mange ulike digitale løsninger som må håndteres i en sammenslåingsprosess. Noen løsninger vil avsluttes, noen videreføres og andre anskaffes på nytt. En del data som ligger lagret i de ulike løsningene må overføres til nye systemer, og sammenhengene mellom kommunens interne løsninger og kommunale og nasjonale fellesløsninger må ivaretas for å sikre en god informasjonsflyt.»

Stortingsmelding 27: Digital Agenda for Norge - KMD

1. Bakgrunn

Rapporten har sin bakgrunn i tinging frå Førebels Fellesnemnd i Fjell, Sund og Øygarden til rådmennene, datert 8.12.16. Oppdraget i kortform: «Kartleggja kva IKT-system som vert nytta i kvar av dei 3 kommunane».

Kartlegginga har vore utført av dei tre IKT-leiarane, ført i pennen av IKT-sjef i Fjell. Vi har valt ei utvida tolking av omgrepet «system» og ser på både organisatoriske tilhøve og omliggande teknologi i tillegg til sentrale programvareløysingar.

Vegen fram mot vår nye kommune som eit digitalt fyrtårn blir krevjande - Vi nyttar samstundes høvet til å seia noko om våre tankar om dette til slutt i rapporten.

2. Organisering

Nøkkeltal

Kommune	Fjell	Sund	Øygarden	Sum
Innbyggjarar	25 000	7 000	4 920	36 920
Tal tilsette (personar)	2 200	800	700	3 700
Tal elevar i grunnskule (kommunal)	3 250	1 000	680	4 930

Organisering IKT

Kvar av kommunane har samla IKT-ansvaret i eiga eining, sentralt i organisasjonen. Dei tre IKT-avdelingane har gjennomført mange samarbeidsprosjekt, IKT-leiartane har jamleg kontakt i form av samarbeidsmøte.

- IKT-avdelingane har IKT-ansvar for heile kommunen. Fjell og Sund har i tillegg organisert noko IKT-ansvar på den einskilde skule i form av ein lærer som IKT-kontakt. Fjell har eit årsverk organisert under Skulesjefen innan IKT-drift for ungdomsskular
- Kontraktsansvar for fagsystema følgjer same mønster: I Fjell og Sund er dette lagt til IKT-avd medan det ligg ute i linja hos Øygarden.
- Inngåande kjennskap til det einskilde fagsystem er organisert i form av superbrukaransvar i dei ulike fagmiljøa
- I Fjell kommune har politisk IKT-styring i form av eiga IKT-styringsgruppe som hansamar IKT-strategi/handlingsplan over 4 år og tilhøyrande investeringsplan
- Fjell og Øygarden har formalisert vaktordning for driftsarbeid utanom kontortid.

Årsverk	Fjell	Sund	Øyg.	Tot
Tilsette IKT-eining	7	3	3	13
IKT-andre, ungdomsskular	1			1
IKT-lærling	4		1	5

Økonomi

Ettersom kommunane har noko ulik rekneskapsføring av IKT-utgifter, er tala nedanfor sett saman av IKT-budsjett og erfaringstal frå rekneskapane i kommunane.

Driftsutgifter IKT	Fjell	Sund	Øyg.	Tot
Lønn IKT-stab	6 000	2 138	2 334	10 472
Kommunikasjon	2 000	905	400	3 305
Telefoni	1 800	847	1 400	4 047
Maskinvare	750	780	500	2 030
Programvare	6 000	3 455	3 500	12 955
Konsulent	500	110	125	735
Print/kopi	2 100	872	870	3 842
Annan IKT-drift	200	360	450	1 010
Sum Drift	19 350	9 467	9 579	38 396

	Fjell	Sund	Øyg.	Tot
Budsjett inv 2017	10 000	2 500	3 300	15 800

3. Infrastruktur

Server/Driftsmiljø

Driftsmiljøa har mykje lik teknologi, basert på Microsoft-teknologi. Dataromma er utstyrt med redundant kjølesystem og tilfredstillande batterikapasitet. Sund har naudstraumkapasitet, Fjell får dette på plass i 2017.

Nettverk/Kommunikasjon

Kommunane nyttar same leverandør i sentral infrastruktur (Cisco) og same leverandør til kommunikasjonsnett (BKK breiband) til rådhus og avdelingskontora. Kommunane eig i ulik grad infrastruktur for kommunikasjon til sine verksemder (fiberkablar eller radionett): Fjell 41 bygg, Sund 6 bygg, Øygarden 7 bygg. Som eit steg på vegen til vår nye kommune har ein nyleg etablert felles trådløst gjestenett som kan nyttast i alle kommunale bygg.

Tryggleik

Kommunane har lik brannmurteknologi. Redundans er etablert på sentrale einskildkomponentar, men ingen av kommunane har fullverdig alternativ løysing ved eventuelt maskinromhavari.

Telefoni

Fjell og Sund kommune har sentralisert telefonsentralløysing på rådhuset, ulike løysingar. Øygarden har samla dei fleste bygga i ei telefonløysing med ekstern drift, men nokre bygg har framleis eigen telefonsentral. Kommunane har same og lik teleaktør innan fast- og mobiltelefoni.

Brukarutstyr

PC-ar er utrusta med standard Microsoft programvare. Kommunane eig og driftar sjølv utstyret som er av ulik alder. Forutan PC-ar nyttar Fjell tynnklientar for enklare drift (hentar all programvare over nett).

Skule: Øygarden har personlege PC-ar i ungdomsskulen og nyttar nettbrett i tillegg til PC-ar på barneskulenivå. Fjell har utprøving av «digitale klassar», personlege nettbrett i komplett klasse, både i barne og ungdomsskule (15 klassar).

PC-dekning, tal elevar per PC	Fjell	Sund	Øygarden
Norm barneskule	4:1	3:1	2:1
Norm ungdomsskule	2:1	2:1	1:1

Velferdsteknologi

Kommunane har per dato spreitt bruk av tryggleiksskapande teknologi (tryggleiksalarmar). Fjell og Øygarden er i startgropa for ei innovativ satsing på slik teknologi etter nyleg gjennomført innovativ tilbuds konkurranse saman med Askøy og Lindås.

Driftsform

Hovudparten av sentrale programvareløysingar vert drifta av den einskilde kommune sjølv. Her er likevel ein del unntak:

Eksterndrift	Fjell, Sund, Øyg	Læringsplattform (ItsLearning) Feide nasjonal felles elevident (Identum) Individuell plan (Acos) Bibliotekadm. (Bibliotek-systemer) Skatt (Skatteetaten)
--------------	------------------	--

	Fjell, Øyg	Kulturskule (Speedware)
	Øyg, Sund	Sentralbord (Telenor) Kommuneportal (Acos)
	Fjell	Kvalitetssystem (Quality Manager)
	Fjell	Kommune-app (Appyard)
	Fjell	Renovasjon/VA-løysing (Fjellvar)
	Fjell	Office 365 i skulen (Microsoft)
	Sund	Eigedomsforvaltning (Famac)
Fellesdrift	Fjell, Øyg	Kartløysing (Fjell)
Vertsdrift	Fjell, Sund, Øyg	Sosialsystem for Nav
	Fjell, Sund	Programvare og infrastruktur for Kyrkja
	Sund, Øyg	Programvare og infrastruktur for legekontor

4. Programvare

Kommunal verksemd er mangfoldig – det same kan ein seia om programvareportefølja. Nedanfor følgjer eit tematisk oversyn over mest sentral programvare, eige vedlegg syner ei meir detaljert liste.

Administrasjon / Generell programvare

- Sak/arkiv To løysingar
Kommunane er i gang med fullelektronisk arkiv, men ikkje alle arkivdelane er elektroniske per dato. Historisk arkiv er ikkje digitalisert.

Sak/arkiv-systema er kommunane sitt minne. Sjølv om to av kommunane har same system, vil det vera eitt stort arbeid å få samanstilt alle aktive data til eitt i den nye kommunen, saman med historiske data. Kommunane er i gang med førebuande arbeid og vil truleg ha behov for omfattande innsats internt så vel som frå leverandørmarknaden for å koma på plass.

- Økonomi/personal: Lik løysing
Same leverandør innan økonomi- og personalområdet, mange ulike delmodular med tilhøyrande ulik bruk og grad av digitalisering av interne prosessar.
- Kontorstøtte Lik plattform
Microsoft Office 2010 per dato. Fjell er i ferd med å innføra Office 365 i skulen
- Kart To plattformar
Fjell og Øygarden har felles drift

Nett / publikum

- Kommuneportal To plattformar
Kommunane har noko ulikt omfang av sjølvbetening/innsyn over kommuneportalen

Helse og Omsorg

Høg grad av digitalisering, mange område med høge krav til tryggleik og integritet i løysingane

- Heimehjelp/ sjukeheim Lik løysing
- Helsestasjon /jordmor Lik løysing
- Legevakt / legekontor Lik løysing
- Turnussystem / vikaradm To system

Oppvekst

- Skuleadministrasjon Lik løysing
Administrasjon av skule er omfattande - det er behov for nytt og betre støttesystem
- Elev-læringsplattform Lik løysing (ekstern drift)
- Barnehage Lik løysing
- Barnevern Lik løysing
Fjell og Sund er i ferd med å samordna barnevernstenesta.

Andre

- Sosial To system
Hovudsakeleg nytta av Nav
- Brannvern Lik løysing (Fjell og Sund har felles drift)
- Bibliotek Lik løysing (ekstern drift)
- Eigedomsforvaltning Tre løysingar

I tillegg kjem ulike mindre fagsystem i kvar kommune

Avtaleverk

Vedlikehalds- og bruksrettsavtaler med leverandørane har stort sett ikkje bindingstid utover eitt år. Nokre unntak finst, mellom anna ItsLearning læringsplattform, Microsoft-avtalar, Xerox skrivaravtale (Bergen-samarbeid) og BKK fibersambandsavtalar.

Digitalisering

Digitalisering handlar om å nytta teknologi til å fornya, forenkla og betra, og kan typisk bidra til forenkling av kompliserte regelverk og fornying av tungvint praksis. Høg grad av digitalisering vil auka fleksibilitet i kommunale tenester og kunna bidra til auka produktivitet i så vel offentleg som privat sektor. Kommunane er i gang med digitalisering av ulike tenester, men mykje gjenstår:

Prosessane må endrast. Sentralt i digitaliseringa framover vert standardisering og bruk av felles systemarkitektur, brukaren må setjast i sentrum. Digitale tenester mot innbyggaren må vera ein del av digitale arbeidsprosessar i verksemda, det handlar om å skapa samanhengande digitale løysingar. Dei tre kommunane kvar for seg har i dag stor grad av separate løysingar med behov for dobbelregistrering både av innbyggjar og tilsette. Avgjerande for brukaropplevinga vil vera fokus på samordna identitetsforvaltning - Kommunane har inne søknad om skjønsmidlar til slikt prosjekt (Prosjekt «EinId»).

Informasjonen må finnast. I digitale prosessar må informasjon vera digitalt tilgjengeleg, samanslåing vil innebera store krav til samordning og digitalisering av arkiv, pasientjournalar og historisk informasjon.


Regionalt initiativ v/ Bergen kommune

Bergen kommune er i fremste rekke kva gjeld digitalisering av tenester og har stor innflytelse i nasjonale IKT-råd og forum. Saman med Askøy, Fjell, Lindås og Os vil ein våren 2017 gjennomføra eit forprosjekt med kartlegging og vurdering av mogeleg vidare regionalt samarbeid om standardisering og felles tilnærming til digitalisering. Fjell representerer dei tre kommunane i dette samarbeidet.

5. Arbeidet vidare

Kommunane slår fast i intensjonserklæringa at vår nye kommune skal vera eit regionalt og nasjonalt fyrstårn innan teknologi og møta framtida sine utfordringar med gode digitale løysingar.

Val av strategi for teknologisamordning er avhengig av kompleksitet/ambisjonsnivå og tempo som endringane må gjennomførast i. Firefelts-modellen nedanfor gjev ei tilnærming med krav til tempo langs X-aksen og kompleksitetsnivå langs Y-aksen.



Knapt tre år til etablering av den nye kommunen er kort tid, endringane som skal til fordrar høgt tempo. Målsetjingane i intensjonsavtalen set høge krav til transformasjonen. Mest relevant er derfor øvre høgre kvadrant («Big Bang») med store og omfattande krav til endringar av gjeldande praksis og tilhøyrande behov for kompetanse og ressursar. Særleg utfordrande er det at dei tre kommunane parallelt med etableringsarbeidet fram mot 2020 vil ha fullt behov for eksisterande IKT-drift og ressursar.

Digital samanslåing av verksemder er ressurskrevjande. KS skriv i sin rapport «Digitale konsekvensar av ei kommunesamanslåing» (FOU 154005) at det er viktig å nytta samanslåinga som eit høve til å starta med blanke ark for å byggja ein framtidretta kommune, og at ein må koma i gang snarast. Nye Sandefjord kommune (etablert 1.1.17) sette av 20 av 40 millionar tilskotskroner til IKT- og digitaliseringsarbeid.

Bruk av informasjonsteknologi inngår i dei fleste endringsprosessar. Ein vil derfor rå til at organisering av IKT og ressursar som skal jobba med digitalisering og IKT-transformasjon kjem på plass så tidleg som mogleg for å starta arbeidet med samansmelting og tilrettelegging av framtidens teknologi.

6. Vedlegg Programoversikt

Grønn bakgrunn der kommunar har lik løysing

Kategori	Fagsystem	Fjell	Sund	Øygarden
Administrasjon/ generell progr	Sak/Arkiv	ePhorte	Websak	Websak
	Økonomi/Hrm	Visma Enterprise	Visma Enterprise	Visma Enterprise
	Kompetansesystem	KOS	Visma HRM	Visma HRM
	Kartløyising	Isy Winmap	Gisline	Isy Winmap
	Intranett	EPIServer	Acos Intralink	Acos Intralink
	Kvalitetssystem	QM+	RiskManager	
	Timeregistrering		MinVakt	Promark
Nett/publikum	Kontorstøtte	Microsoft Office 2010 / Office 365	Microsoft Office 2010	Microsoft Office 2010
	Portal	Episerver	Acos Infolink (ASP)	Acos Infolink (ASP)
	Kommuneapp	Appyard		
	Postjournal, saksinnsyn	Evry (ephorte)	Acos (websak)	Acos (websak)
Oppvekst	Hallutleige	AktivBy		
	Skuleadministrasjon	WIS-skole	WIS-skole	Wis-skole
	Læringsplattform	ItsLearning	ItsLearning	ItsLearning
	Barnehagesystem/opptak	Visma Oppvekst Barnehage	Visma Oppvekst Barnehage	Visma Oppvekst Barnehage
	Barnevern	Acos barnevern	Acos barnevern	Acos barnevern
	PPT-administrasjon	HK oppvekst	HK oppvekst	Visma PPI
	Individuell Plan /oppl.plan	AcosIP	AcosIP	AcosIP
	Vaksenopplæring adm.		Visma Velferd Voksenopplæring	Visma Velferd Voksenopplæring
	Spesialpedagogisk	Logos og ADM (assessment Data Mgr)	Logos	Logos
Kulturskule	Speedadmin		Speedadmin	

Helse og omsorg	Legevakt, legekantor	Infodoc Plenario	Infodoc Plenario	Infodoc Plenario
	Helsestasjon, jordmor	Infodoc Plenario	Infodoc Plenario	Infodoc Plenario
	Sjukeheim, heimehjelp	Acos Cosdoc	Acos Cosdoc	Acos Cosdoc
	Kvalitetssystem prosedyrer	PPS	PPS	
	Turnusplanlegging/ressursstyring	Visma Enterprise Ressursstyring	MinVakt	Visma Enterprise Ressursstyring
Eigedom	Eigedomsforvaltning	Jonathan	Famac	IK-Bygg
	Byggstyring/overvåking	EM-systemer	Ein jungel av system!	EM-systemer
	Låsesystem	Bewator, Salto	Paxton - Net2	Bewator, Salto
	Byggteknisk styring	Fleire	Fleire	Fleire
Kyrkja	Kyrkjeadministrasjon	Labora	Labora	
	Kyrkjeadministrasjon ressurs	Medarbeideren	Medarbeideren	
Diverse	Sosial journalsystem	Socio	Acos Sosial	Acos Sosial
	Brannvern	Proaktiv	Komtek	Komtek
	Bibliotek	Bibliofil	Bibliofil	Bibliofil
	Vann & Avløp / Renovasjon		Gisline VA	Gisline VA
	Skatt (kemner)	Sofie	Sofie	Sofie
	IKT Helpdesk	Sensedesk	Sensedesk	ManageEngine ServiceDesk Plus
	Personanalyse	METIS - (Master Personal Analysis)		